Førsteblad

(1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bö

Emne: Folkelege musikkinstrument Bygdelag: Bö

Oppskr. av: Knut A. Ufs Gard:

(adresse): Bø i Telemark G.nr. Br.nr.
tlf. 96 A.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

V. Langleik

Den siste som spela langleik i Bö Telemark var Nils Lona. Han döyde kring 1905. Han spela med fjöröpinne. Seinare har Instrumentet viki plassen for hardingfela, som med sine sterkare ljodar vart meir innplas hjå folket.

VII. Salmodikon.

Salmodikon vart mykje kjent her i Bö kring år 1900 å fyre den tid. I seinare tid har instrumentet vist nok ikkje blit brüka noko större. Ein skulelarar Gjermund Vinnbekk som döyde kring 1900 skulde vera flink til å spela på dette. Instrümentet var ütstyrt med berre 1. tarmstreng, som gjekk gjenom eit hül i notehesten, det blei også berytta boge.

XII. Sjöflöyta.

Med hensyn til Sjöflöyta so er den siste som brüka dette instrüment Tora Fykerüd, som var syster til den

1296

landskjende Hardingfelespellemann Lars. Fykerud. På dette instrument spela ho nasjonale slåttar (gangar og springar) Tora Fykerud döyde i Heddal Telemark kring 1930 mange å 80 år gamall. Dette instrument var foruten til å blåsa på også utstyrt med lydhol til den såkalla fingring. (andslag med fingrane)
Her i bygdi er det ingen som spelar på dette instrument no.

XIV. Munnharpe.
Har blit bruka her av Olav Lunden Bö fødd 1869. Han skulde visst vera flink til å blåsa på dette instrument. Olav Lunden lever enda men har vistnok ikkje spela på munnharpa på mange år.
Munnharpa er lite kjent i bygdi idag, og det er vistnok ingen som spelar på det. Eg hev ikkje sett ei slik harpe, så eg kann ikke beskrive den, men etter det eg hev höyrt folk har fortalt, var den gjort av ein jarnring med ei stålfjör i ringen. Ringen passa da til å setta på lippone, og ved at blåsa til samtidig som dei vippa i fjöra med pekefingeren fekk dei fram lyder.
Disse instrument blei vistnok laga her heime av smedar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## II. Hardingfela.

Hardingfela har sit ütspring trüleg frå Hardanger.
Ein mann som heitte Tromn hadde arbeid i fele, disse felor har seinare gjenge ünder namn av Trondefelor, og han hadde ord for å vera ein glüp felemaker.
Ei av disse felone fekk John. Eriksen Helland frå Bö i Telemark sjå, og ein slik handig og nevenyttig mann jorde disse efter og forbetra dei mimaleg.
Da John Eriksen. Helland födt 1790 döyde 1862, overtok hans sönner fatt Erik. Johnsen Helland födt 1816 döyde 1868 og Eilev Johnsen Steinkjöndalen Bö födt 1821 döyde 1876.
Da Eilev Johnsen Steinkjöndalen döyde tok hans sönner fatt disse var Knüt Eilevsen Steinkjöndalen födt 1850 döyde 1902. og John Eilevsen Steinkjöndalen döyde 1918.
Da Knüt. Eilevsen Steinkjöndalen döyde tok hans sön Knüt. K. Steinkjöndalen fatt, han er födt 1887, Og dette er 4de generasjon i same bransjen. Den elste av Spelemenner som ein kjenner til her i bygdi som har benytta dette instrüment er Gregar Saga Bö han döyde vistnok kring år. 180v. Av dei eldre no avdöyde spelemenn. kann nemnast. Flatland karane Halvor, Olav og Hans.

Halvor. J. Lid. Halvor Mörkholt. Gunnar Slåttedalen. John. Tambur. Halvor. H. Borgen. Halvor Opdal. Gregar Kåsine. Av dei nolevande som spelar hardingfela i dag kann nemnast. Olav. H. Gåra. Andres. T. Fjnleggen Halvor. Hegna Guro Berskås. Spelmanslaget „Böheringen" er samansatt av disse som spelar samspel. Gunulf H. Borgen. Einar Lund. Kristiane Lund. Sv. T. Fnleggen. Halvor. G. Kåsa. John. Lunden. Anund. Roheim. Knut. Lofs. Alfred. Amundsen. Jens. Amundsen. Sv. A. Fnleggen. Sv. H. Dalen. John. Stålen Gunne. Stokland. Alle disse har fengje premiar ved kappleikar. Her i Bö skal det vera umlag 80 Hardingfelespelemenn fortalde ein gamal musikintresert mann til meg ein gang. Han hadde da notera alle som spela på dette instrument. Det var sjölvsagt blandt disse mange som ikkje kann noe större. Men det kann også vera mange spelemenn som ikkje har vore med i tevling på kappleiker, og som kann vera fullt på högde med dei som hev fengje premiar, og jamvell bedre. Trass i at det er so mange spelemenn, er det nok trekkspelet som hev overtaket her no. Dette har vell sin årsak at trekkspelet er sterkare i lyd, og at ei enkel hardingfele i ein stor dansarsal.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vil vera svakare, og blandt mange folk neppe vil höyres. Derimot når ein optrår med 6 og fleire felor kann ein nokk konkurera med trekk-spelet. Me har no i seinare tid gjenge over til bruk av högtalar-anlegg, og dette er nok det beste til bruk for hardingfela ved danse=musikk, og kanskje me da med tiden kann ta kampen med trekkspelet opp. og at hardingfela må vinna sin seier som det nasjonale instrument den hör og bör.

I. Vanleg fele. (Tysk fele).

Denn fela blir og bruka i Bö. Nokon ekspertar i bruken av denne fela har det ikkje vore. Den liknar hardingfela men loket blir bygd litt flatare likeins har halsen ein utskoren krull, mot hardingfela som regel har utskore drakehoved. Desutan blir det på vanlig fele berre utstyrt med fire strenger. Har=dingfela har som kjent 8 strenger 4 over og 4 understrenger. (citrar)
Felemakaren her i Bö Kunt. K. Steinkjöndalen arbeider forutan Hardingfele også dissi vanlige felor.

Blant instrument som ikkje er nemt i spörjelista vil eg også nemna. Sag.

 

Sag. (Tömmermansag)

Dette instrument höyrde eg ei ung gjente frå Heddal spela på. Anne. O. Sönstebö. Orvella. Heddal Telemark. Eg hev sjölsagt höyrt gjete at det skulde gange an at spela på sag. men har ikkje trudd at dei kunne få lokka fram så vidunderlege tonar på så eit enkelt ~~ting~~ ting som ei almindeleg snikkarsag. Gjenta som spela satte handtaki på sagi fast mellom knea, og strauk da over med boge. Efter som ho böygde tuppen på sagi sterkt og svakt. Kom tonane fram ved kvart bogeströk.

Bö i Telemark. den 1/2 1948.

Knut A. Uff?.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1269